

**Rosendal på 14.-plass i NM****07.02.2010**

**Rosendal Musikklag dirigert av Torstein Hatlevik har hatt ei flott helg i Bergen under NM for brassband og kom på 14.-plass av 23 korps i 3. divisjon.**

Sjølv om det kanskje kan verka litt skuffande, er det veldig viktig at Kvinnherad har eit korps som held så godt nivå at korpsmusikarar herifrå kan få ta del i ei oppleving som dette. Rapportane frå Bergen fortel om ein gjeng som er kjempefornøgd med det dei har fått vore med på.

Flå Musikklag vann 4. divisjon føre Tysnes Musikklag, som igjen imponerte. Eirik Gjerdevik dirigerte Tysnes under NM.

Manger Musikklag gjekk heilt til topps i elitedivisjonen.

Av Thor Inge Døssland